

ÅRSMELDING 2007

NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

Volda 2008

FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
Høgskulen i Volda
Postboks 500
6101 Volda

www.nynorsksenteret.no

Forord

Nynorsksenteret er no etablert på Høgskulen i Volda. Frå august 2007 har senteret hatt ni tilsette, fire i full stilling og fem i delstillingar. Senteret fekk i 2006 tildelt ein del av Berte Kanutte-huset ved Høgskulen i Volda som sin faste tilhaldsstad, og ein reknar med at i løpet av 2009 skal alle medarbeidarane som har arbeidsplass på høgskulen vere samla her.

Nynorsksenteret har i 2007 hatt eit utstrekt samarbeid med Utdanningsdirektoratet. Utkastet til *Strategiplan for nynorsk i opplæringa* var ferdig tidleg i 2007, men har vorte liggande i Kunnskapsdepartementet fordi departementet arbeider med ei stortingsmelding om språk. Strategiplanen skal justerast i høve til den komande stortingsmeldinga. Planen er viktig for Nynorsksenteret si framtidige verksemd og vil få stor innverknad på arbeidet ved Nynorsksenteret.

I 2007 har aktiviteten ved Nynorsksenteret auka. Nettstaden vår har vore under omlegging og fleire nye tilbod vart lanserte på slutten av året. Bruken av vevsidene har hatt stor auke og senteret satsar på at vevsidene skal vere sentrale i arbeidet med å styrkje nynorskopplæring over heile landet.

Kursverksemda ved Nynorsksenteret har vorte større i 2007. Kurshaldarane ved senteret har vore i aktivitet over heile landet, og lærarar både i grunnskule, vidaregåande skule og i lærarutdanninga har delteke på kurs Nynorsksenteret har arrangert.

FoU-prosjekta ved Nynorsksenteret vert rettleidde og vurderte av tilsette på senteret, og rapportar om prosjekta er lagde ut på nettstaden vår. Senteret vil arbeide vidare med å finne gode formidlingsmåtar for dei resultata som har kome fram i desse prosjekta.

Eg vil takke medarbeidarane mine på Nynorsksenteret for god innsats med mange og varierte arbeidsoppgåver.

Volda, februar 2008


Anne Steinsvik Nordal, leiar

Del I: PRESENTASJON AV NYNORSKSENTERET

1. OM NYNORSKSENTERET


1.1 Organisering

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa har vore i drift sidan 1. januar 2005. Etableringa av senteret er ei oppfølging av Stortingsmelding nr. 30 (2003–2004), Kultur for læring, der det heiter: «Departementet vil opprette et nasjonalt senter for nynorsk i opplæringen som et ledd i arbeidet med å styrke nynorsk» (s. 43). Senteret er organisert som eit § 18-tiltak. I § 18 «Driftsansvar for nasjonale oppgaver» i Lov om universitet og høyskoler står det:

Departementet kan i samråd med institusjonen legge driften av en nasjonal fellesoppgave til en bestemt institusjon, uten at institusjonens egne styringsorgan har ansvar for den faglige virksomheten

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, Nynorsksenteret, er lagt til Høgskulen i Volda. Fagleg styring og oppfølging av dei nasjonale sentra er delegert frå Kunnskapsdepartementet til Utdanningsdirektoratet.

Organisasjonskart



Det er utarbeidd eit eige mandat for senteret, sjå <http://www.nynorsksenteret.no/mandat>. Senteret er oppretta som eit § 18-tiltak der Utdanningsdirektoratet har styringsansvar i faglege spørsmål, og Høgskulen i Volda i administrative spørsmål.

Nynorsksenteret er i dag lokalisert ved nordisk institutt ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning i Berte Kanutte-huset på Høgskulen i Volda. Nynorsksenteret reknar Ivar Aasen-instituttet, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning ved Høgskulen i Volda og Nynorsk kultursentrum i Hovdebygda som sine viktigaste lokale samarbeidspartnarar. Fagleg styring og oppfølging er lagt til Utdanningsdirektoratet, medan Høgskulen i Volda har det administrative ansvaret med personalansvar for senteret. Senteret har i dag ein leiar som har både fagleg og administrativt ansvar.

Frå august 2007 har Nynorsksenteret fått fleire tilsette. No har ein tre fagleg tilsette og ein stipendiat som har arbeidsplass ved Høgskulen i Volda. I tillegg har ein tre eksternt tilsette i faglege delstillingar, ein ved nordisk institutt på Universitetet i Bergen, ein ved avdeling for lærarutdanning ved Høgskolen i Østfold, og ein medarbeidar i Jølster i Sogn og Fjordane. Av administrativt tilsette har ein ei og ei halv stilling ved Høgskulen i Volda.

1.2 Mål

Bakgrunnen for at Utdannings- og forskingsdepartementet i 2005 oppretta Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa er at nynorskopplæringa skal styrkjast, og at opplæringa i skriftleg nynorsk som sidemål representerer særlege utfordringar for norskfaget. Nynorsksenteret skal leie og koordinere arbeidet med å utvikle innhaldet i nynorskopplæringa. Mandatet som Nynorsksenteret har fått seier at senteret skal vere eit nasjonalt ressurs-senter for nynorsk i grunnopplæringa. Som del av Høgskulen i Volda har senteret også som mål å bidra til å styrkje høgskulens faglege kompetanse på dette området.

Oppdragsbrevet frå Utdanningsdirektoratet til Nynorsksenteret for 2007 :

Nynorsksenteret samarbeider med Utdanningsdirektoratet om utarbeiding av strategiplanen for nynorsk i opplæringa, som skal leverast til Kunnskapsdepartementet i februar 2007. Senteret skal delta i oppfølginga av planen.

Senteret skal

- utvikle og marknadsføre etter- og vidareutdanningskurs for lærarar og lærarstudentar i samband med Kunnskapsløftet og ny læreplan

- setje i gang forsøks- og utviklingsarbeid i grunnskule og vidaregåande skule for å styrkje norsk-kompetansen til elevane og få kunnskap om vilkåra for å oppnå slik kompetanse. Forsøks- og utviklingsarbeidet bør evaluerast undervegs
- arbeide med styrking av rammevilkåra for elevar med nynorsk som hovudmål og utarbeide særskilde tiltak for at barn og unge skal få lese meir nynorsk:
 - litteratur på nynorsk for barnehagen
 - tilgang til og val av nynorske læremiddel
 - litteratur på nynorsk i skulebiblioteka
 - blad og magasin på nynorsk for lesing utanom skulen
 - perspektiv på tospråksituasjonen i lesekampanjar og Den kulturelle skulesekken
- ta initiativ til ei landsomfemnande gransking av norskundervisninga for elevar med nynorsk som hovudmål med fokus på desse hovudområda:
 - lærarkompetanse
 - norskopplæringa for nynorskelevar
 - karakternivå

Nynorsksenteret har i 2007 i gang 15 ulike FoU-prosjekt.

1.3 Om verksemda i 2007

1.3.1 FoU-arbeid

Nynorskopplæringa i skulen har vore lite forskingsbasert. Det fins få granskingar som seier noko om korleis elevar lærer nynorsk i skulen. Slik forskning har Nynorsksenteret etterlyst, og det var meininga å setje i gang ei landsomfattande gransking av norskundervisninga for elevar med nynorsk som hovudmål. På grunn av at strategiplanen for nynorskopplæringa ikkje vart gjord ferdig i 2007, fekk ein heller ikkje sett i gang ei slik gransking, men når planen vert offentleggjort vil ein ta nytt initiativ i saka. Den faglege verksemda ved senteret skal vere basert på forskings- og utviklingsarbeid, og det er heilt naudsynt å få forskingskunnskap om nynorskopplæringa for best å finne ut korleis ho må styrkjast.

Nynorsksenteret har i 2007 i gang 15 ulike FoU-prosjekt. Prosjekta har ulikt fokus, men alle har som fellesnemnar å styrkje nynorskopplæringa.

Nynorsksenteret har FoU-prosjekt både i barnehagen, på barnetrinnet, på ungdomstrinnet, i vidaregåande skule og i lærarutdanninga. I grunnopplæringa har senteret FoU-arbeid i gang både på skular med nynorsk som hovudmål og sidemål.

1.3.2 Utvikling av nettstaden

Nettstaden Nynorsksenteret.no hadde 21 082 unike brukarar i 2007, som er ein auke på om lag 48 % frå 2006. I tillegg kjem brukartala for vevsida til opplegget På nynorsk, som i 2007 hadde 20 542 unike brukarar. Det tyder at til saman om lag 41 000 brukarar var innom vevsidetilboda til Nynorsksenteret i 2007.

Vevsidene har i 2007 vore under omlegging, og fleire nye tilbod vart lanserte på eit arrangement i Volda på tampen av året. I tillegg til at hovudsida er utbetra og gjort meir brukarvenleg, har Nynorsksenteret i 2007 utvikla tilboda Nynorskbok.no og Tekstbasen. Nynorskbok.no er ei side med boktips, og presenterer nye nynorske bøker og teikneseriar for ulike aldersgrupper. Tekstbasen er ei samling av autentiske, ikkje-skjønnlitterære nynorsktekstar, henta frå ulike aviser, blad og vevstader. Tekstane i Tekstbasen er delte inn etter sjanger, aldersgruppe og teksttype, slik at dei kan fungere som modelltekstar i skriveopplæringa.

1.3.3 Bladet Nynorskopplæring

I 2007 kom Nynorsksenteret med første nummeret av bladet Nynorskopplæring. Bladet er gratis for dei som ynskjer å tinge det, og presenterer nyhende om nynorskopplæring, prosjekta til senteret, tips og innspel. Første nummeret hadde sidemålsopplæring som tema, og gjekk ut til fagfolk, ungdomsskular og vidaregåande skular i heile landet. Bladet er òg tilgjengeleg på vevsida til Nynorsksenteret

1.3.4 Kortfilmar om nynorskopplæring

Snøball film har i samarbeid med Nynorsksenteret i 2007 arbeidd med produksjon av tjue kortfilmar om opplæring i nynorsk som sidemål. Filmane er opptak frå konkrete undervisningsopplegg som er gjennomførte på skular i Trondheim, Stavanger, Bærum, Oslo og Nesodden. Dei viser at det er mogleg å gjere nynorskundervisninga spennande, variert og lærerik for elevane. Ressurspakken skal kunne brukast i internopplæringa på skular, i etterutdanning av norsklærarar og på lærarutdanninga ved høgskular og universitet. Kortfilmene vart ferdige til bruk i første del av 2008.

1.3.5 Støtte til andre nynorsktiltak

Nynorsksenteret har løyvt midlar til å lage lærarrettleiing til det digitale ungdomsbladet *Magasinet*, og også vore med på utforminga av rettleiinga. Benthe Kolberg Jansson og Ingrid Slettevoll har utarbeidd mykje av innhaldet i lærarrettleiinga. Rettleiinga skal verte ferdig heilt i starten av 2008.

1.3.6 Arbeid med antologien *Les for meg*

Nynorsksenteret tok i 2007 initiativ til eit samarbeid med Det Norske Samlaget om å lage ein antologi med tekstar for dei største barna i barnehagen og for dei minste barna i skulen. Boka skal delast ut til alle førsteklasser og barnehagar, og er meint for aldersgruppa 5–7 år. Antologien har eit utval av moderne nynorsk barnelitteratur i alle sjangrar og skal vere med på å gjere nynorsk barnelitteratur meir tilgjengeleg for lærarar og førskulelærarar. Antologien skal vere ferdig til 17. april 2008, når Nynorsksenteret skal ha ein konferanse om språkstimulering og barnelitteratur i Bergen.

1.3.7 Strategiplan for nynorskopplæringa

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa var med på å utarbeide eit framlegg til strategiplan for nynorskopplæringa som var sendt til Kunnskapsdepartementet i februar 2007. Strategiplanen har

vorte liggande «på vent» i Kunnskapsdepartementet, fordi departementet har arbeidd med ei stortingsmelding om språk. Stortingsmeldinga frå Kunnskapsdepartementet vert truleg offentleggjort våren 2008. Ein ventar at strategiplanen vert offentleggjort så snart språkmeldinga er komen.

1.3.8 Kompetanseheving og etterutdanning

Om ein ser aktiviteten ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa i høve til oppdragsbrevet, så har senteret sine medarbeidarar utarbeidd og halde mange kurs for lærarar både i etter- og vidareutdanning i samband med Kunnskapsløftet og ny læreplan. Nynorsksenter har òg hatt kurs og undervisning for lærarstudentar på fleire nivå, både i allmennlærerutdanninga og for bachelor- og masterstudentar. Gjennom nettverkssamarbeid har Nynorsksenteret prøvd å nå fram til målgrupper både i barnehage, skule og lærarutdanning.

1.3.9 Gjesteforelesingar og undervisning

Nynorsksenteret har hatt undervisning på ulike nivå i allmennlærerutdanninga ved Høgskulen i Volda, på Høgskolen i Sør-Trøndelag, på Høgskolen i Hedmark, på Høgskolen i Bodø og på masterutdanninga ved Ivar Aasen-instituttet. Undervisninga har vore knytt til emna 'barne- og ungdomslittera-

tur', 'lesestrategiar' og 'IKT i norskopplæringa'.

På eit nordisk-baltisk seminar i Tärnu i Estland i juni, hadde Anne Steinsvik Nordal eit innlegg om nynorskskelevane sin situasjon i opplæringa.

På lanseringa av den fornya nettstaden til Nynorsksenteret i desember, var om lag hundre elev- ar og lærarar frå Volda ungdomsskule til stades. Forfattaren Linn T. Sunne, som vann Brageprisen i 2007 for beste ungdomsbok med boka *Happy*, var til stades på arrangementet og las frå boka og fortalde om skriveprosessen når ho skriv bøker.

1.3.10 Forskarutdanning

Nynorsksenteret har ein stipendiat knytt direkte til senteret. Senteret har hatt samarbeid med Ivar Aasen-instituttet og Institutt for lærerutdanning ved Universitetet i Oslo gjennom stipend til studentar som skriv masteroppgåver med emne som kjem inn under mandatet til Nynorsksenteret.

Del II: RESULTATRAPPORT

2. FORSKINGS- OG UTVIKLINGSPROSJEKT

2.1 Oversikt over forskings- og utviklingsprosjekta

Doktorgradsprosjekt:

PROSJEKTTITTEL	TYPE	PROSJEKTANSVARLEG	TIDSPERSPEKTIV
Nynorsk i digital kommunikasjon	Doktoravhandling	Kristin Kibsgaard Sjøhelle Rettleiarar: Frøydis Hertzberg og Synnøve Matre	2006–2010

Forskningsprosjekt på høgskular:

PROSJEKTTITTEL	INSTITUSJON	PROSJEKTANSVARLEG	TIDSPERSPEKTIV
Fagdidaktikk i nynorskopplæringa	Høgskolen i Oslo	Synnøve Skjong og Inger Vederhus	2005–2008
Grammatikk- og nynorskferdigheiter, ein samanheng	Høgskolen i Hedmark	Tormod Stauri	2006–2007
Nynorsk i lærarutdanninga	Høgskolen i Bodø	Kjellrun Trohaug	2007–2008

Forskningsprosjekt i grunnopplæringa:

PROSJEKTTITTEL	INSTITUSJON	PROSJEKTANSVARLEG	TIDSPERSPEKTIV
Nynorske lærebøker i eit anna fag enn norsk	Greåker vgs.	Ragnhild Lier og Bjørn Skaug Rettleiar: Benthe Kolberg Jansson, Nynorsksenteret	2007–2009
Aktiv bruk av PC i nynorskopplæringa	Ringsaker vgs.	Ingunn Oline Olsen Rettleiar: Benthe Kolberg Jansson, Nynorsksenteret	2006–2008

Nynorsk ungdomslitteratur	Tangenåsen ungdomsskole, Oslo	Ellen Flognfelt Rettleiar: Benthe Kolberg Jansson, Nynorsksenteret	2007–2008
Opplegg med bruk av lokalaviser for nynorskopplæring i ungdomsskulen	Brannfjell skole, Oslo	Elin Hardeland	2007
Sidemålsløftet – Holmlia skole	Holmlia skole, Oslo	Torill W. Tørjesen Rettleiar: Benthe Kolberg Jansson, Nynorsksenteret	2005–2008
Nynorsk ungdomslitteratur	Kolvikbakken ungdomsskole	Linda Strand og Magritt Grimstad Rettleiar: Ingrid Slettevoll, Nynorsksenteret	2005–2008
Haugtussa som barnelitteratur	Våland skole, 2. klasse	Lise Lunde Nilsen	2005–2008
Språkopplæring med verkstadpedagogikk	Kviteseid skule, 1. klasse	Øyfrid Garborg Sande Aufles Rettleiar: Benthe Kolberg Jansson, Nynorsksenteret	2006–2007
Nynorske lærebøker i eit anna fag enn norsk	Lista ungdomsskole, Vanse	Ole Flåto og Tone Holtbu Fjellestad Rettleiar: Ingrid Slettevoll	2007–2008
Nynorsk ungdomslitteratur	Skei skule, Jølster	Rettleiar: Janne Karin Støylen	2007–2008
Nynorsk ungdomslitteratur	Volda ungdomsskule, Volda	Anne Marie Holstad Rettleiar: Ingrid Slettevoll	2007–2008
Nynorske lærebøker i eit anna fag enn norsk	Langhaugen vgs. Bergen	Bjørn Aas Rettleiar: Endre Brunstad	2007–2008
Nynorske lærebøker i eit anna fag enn norsk	Flekkefjord ungdomsskole	Per Stordrange Rettleiar: Ingrid Slettevoll	2007–2008
Språkstimulering i barnehagen	Liadal barnehage	Frank Vidar Andersen Rettleiar: Janne Karin Støylen	2007–2008

Masterstudentar:

PROSJEKTTITTEL	INSTITUSJON	PROSJEKTANSVARLEG	TIDSPERSPEKTIV
Kva brukar folk som har hatt nynorsk som hovudmål i grunnskulen nynorsk til seinare i livet?	Masteroppgåve ved Ivar Aasen-instituttet	Mette Aam Ringstad	2005–2007

Andre FoU-prosjekt:

PROSJEKTTITTEL	INSTITUSJON	PROSJEKTANSVARLEG	TIDSPERSPEKTIV
Littkrit	Aurland kommune	Petter von Krogh	2007–2008
Magasinett – lærarrettleiing	Næringsbedet i Vatlandsvågen	Toyni Tobekk Rettleiarar: Ingrid Slettevoll og Benthe Kolberg Jansson	2007
Yksnøya – Språk og kultur	Høgskulen i Volda	Frode Sætre	2007–2009

3. ETTERUTDANNING

3.1 Konferansar

Nynorsksenteret arrangerte konferansen Rom for lesing og skriving på nynorsk i Volda 23. mars 2007. Konferansen samla om lag hundre deltakarar.

Programmet såg slik ut:

- 08.45: Opning ved Anne Steinsvik Nordal
- 09.00: Frøydis Hertzberg: Lesing – det viktigaste grunnlaget for skrivekompetanse?
- 10.30: Erna Osland: «Eg sit og er glad» – forteljingar frå klasserommet
- 12.15: Maria Parr: Med ei bok i Den kulturelle skulesekken
- 12.45: Per Olav Kaldestad: Diktet: Den disiplinerte språkrusen
- 13.45: Janne Karin Støylen, Ingrid Slettevoll og Kristin Kibsgaard Sjøhelle: Rom for lesing og skriving på nynorsk
- 14.30: Spørsmål og kommentarar. Oppsummering og avslutning

Nynorsksenteret har vore medarrangør på to konferansar i Noles-nettverket.

3.2. Kurs, konferansar, undervisning, informasjon og møte

Nynorsksenteret har utvikla fleire kurs innanfor området nynorsksopplæring. Målgruppa for kursa er lærarstudentar, lærarar og skuleleiarar.



Erna Osland, Per Olav Kaldestad og Maria Parr på konferansen Rom for lesing og skriving på nynorsk.

Kurs og møteverksemd – Janne Karin Støylen			
Bokprat, februar	Hyen, Reed, Sandane i Nordfjord	110	Gloppen kommune
Om nyare nynorsk barne- og ungdomslitteratur, 27. mars	Sogn og Fjordane fylkeskommune	60	Førde
Om nyare nynorsk barne- og ungdomslitteratur	Biblioteknettverk	15	Ulsteinvik
Bokprat, 25. april	Isfjorden barneskule	180	Isfjorden
Om nyare nynorsk barne- og ungdomslitteratur, 3. oktober	Fylkesmannen i Møre og Romsdal, utdanningsavdelinga	50	Molde
Om nyare nynorsk barne- og ungdomslitteratur, 19. oktober	Sunnfjordnett v. Frøydis Hertzberg	40	Førde
Om nyare nynorsk barne- og ungdomslitteratur, 23. oktober	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, utdanningsavdelinga	50	Førde
Om nyare nynorsk barne- og ungdomslitteratur, 30. oktober	Fylkesmannen i Agder, utdanningsavdelinga	20	Kristiansand
Om nyare nynorsk barne- og ungdomslitteratur, 31. oktober	Fylkesmannen i Rogaland, Utdanningsavdelinga	50	Stavanger
Ope foredrag, 31. oktober	Ryfylkemuseet	15	Suldal
Bokprat for barne- og mellomtrinnet, 1. og 2. nov	Ryfylkemuseet	130	Suldal
Om Nynorsksenteret og nyare litteratur, 6. nov	Fylkesmannen i Hordaland	70	Bergen
Om nyare nynorsk barne- og ungdomslitteratur	Høgskolen i Bodø, avdeling for lærarutdanning	40	Bodø
Bokprat, ungdomstrinnet	Stokksund skule	90	Herøy

Kurs og møteverksemd – Ingrid Slettevoll			
Lesestrategiar i alle fag, 15 januar	HVO: Kompetanseheving	45	Vartdal/Ørsta
Lesestrategiar i alle fag, 23. mars	Gje rom for lesing i Møre og Romsdal	250	Kristiansund
Nynorsk i arbeidet, 3. og 4. mai	Statskonsult	15	Oslo
Lesestrategiar i alle fag, 12 september	Gje rom for lesing i Nord-Trøndelag	40	Steinkjer
På nynorsk, oktober	Kolvikbakken ungdomskole, Ålesund kommune	50	Ålesund

Lesestrategiar i alle fag, oktober	Halbrend skule, Førde kommune	45	Førde
Nynorsk i arbeidet, 22. og 23. nov	Statskonsult		
Lesestrategiar som reiskap for tilpassa opplæring, 28. nov	5 kommunar på Sunnmøre, Skuleleiarar/lærarar	25	Volda
Les for meg! – Innlegg for utviklingsgruppa	Høgskulen i Volda, lærarutdanninga	50	Volda

Kurs og møteverksemd – Kristin Kibsgaard Sjøhelle

Med nynorsk i den digitale verktøykassa, 15. februar	IKT-konferansen i Kongsberg	40	Kongsberg
Den digitale verktøykassa for norskfaget, 9. mars	Forelesing for lærarstudentar på Norsk 2	40	Volda
Med nynorsk i den digitale verktøykassa	Innlegg på konferansen til Nyorsksenteret	100	Volda
Sidemålsundervisning i grunnskolen, 25. april	Forelesing for masterstudentar, HiST	5	Sør-Trøndelag
Med nynorsk i den digitale verktøykassa, 16. august	2 forelesingar for lærarar i vgs., Møre og Romsdal fylkeskommune	90	Møre og Romsdal
Med nynorsk i den digitale verktøykassa, 22. august	To forelesingar for lærarstudentar ved Norsk 2, HiST	90	Sør-Trøndelag
Den digitale verktøykassa i norskfaget, 27. august	Forelesing for lærarstudentar ved norsk 2, HiST	45	Sør-Trøndelag
Med nynorsk i den digitale verktøykassa, 22. oktober	Forelesing for Norsk 2 og masterstudentar	25	Høgskolen i Hedmark
Nye vegar til sidemålsundervisinga i nynorsk, 30. oktober	Forelesing ved samling i Noles-nettverket	15	Gardermoen
Sidemålsundervisning i grunnskolen	Forelesing for masterstudentar, HiST	10	Sør-Trøndelag

Kurs og møteverksemd – Benthe Kolberg Jansson

Nynorskdidaktikk	Masterstudentar ved Høgskulen i Volda	10	Volda
------------------	---------------------------------------	----	-------

Kurs og møteverksemd – Arild Torvund Olsen			
IKT i nynorskopplæringa	Buskerud fylkeskommune	40	Kongsberg
Språkkurs	Vikebladet Vestposten	6	Ulsteinvik
Vevsidelansering	HVO	100	Volda

Kurs og møteverksemd – Anne Steinsvik Nordal			
Møte med Kunnskapsminister Djupedal, 12. januar	Informasjon om Nynorsksenteret	20	Volda
Nynorsk kultursentrum, 24. januar	Samarbeidsmøte om konferanse	5	Volda
Nasjonalt senter for kunst og kultur, 21. februar	Opning		
Ivar Aasen-instituttet, 26. mars	Samarbeidsmøte	6	Volda
HVO personalseminar, 12. april	Informasjon om Nynorsksenteret	60	Loen
Nettverk for kompetanseutvikling, 3. mai	Informasjon om Nynorsksenteret	25	Oslo
Dialogmøte m. Utdanningsdirektoratet, 9.mai		15	Oslo
Noles - nettverkssamling, 10. og 11. mai	Informasjon om kursverksemd ved Nynorsksenteret	30	Gardermoen
Studietur til Estland, 8. mai	Førelasing – «Kva er det med nynorskelevane»	20	Tartü
Møte med Ørsta vaksenopplæringscenter, 15. august	Nynorsk litteraturantologi for vaksne minoritetsspråklege	8	Ørsta
Frammandspråksenteret, 1. oktober	Samarbeidsmøte m. Gerhard Doetjes		Volda
Utdanningsdirektoratet, 10. oktober	Forum for nynorsk i opplæringa	12	Oslo
FoU-seminar ved HVO, 16. oktober	Innlegg på om FoU-prosjekt ved Nynorsksenteret	30	Rekkedal, Ørsta
Møte med Grunnskulenemnda, 23. oktober	Eksamen i norsk i ungdomsskulen	10	Aasen-tunet, Ørsta
Noles, 29. oktober	Konferanse	30	Gardermoen

Møte i Forum for nynorsk i opplæringa, 28. november	Møte, Utdanningsdirektoratet	10	Oslo
Fellesmøte for alle nasjonale senter Utdanningsdirektoratet, 13. desember	Informasjon og samråding	15	Oslo
Ivar Aasen-instituttet, 17. des	Møte i fagrådet for Ivar Aasen-instituttet	7	Volda

Til saman har dei fagleg tilsette på Nynorsksenteret halde kurs, innleiingar og forelesingar for over trettien hundre deltakarar. Aktiviteten har vore godt spreidd over det meste av landet.

Som det går fram av tabellen ovanfor har tilsette på Nynorsksenteret hatt forelesingar både på allmennlærerutdanningar på ulike høgskular, i fordjupingsstudium i norsk og på masterutdanningar. Etterspurnaden etter kursa og undervisnings-tilboda har vore stor, og det har somme tider vore vanskeleg å imøtekome alle. Nynorsksenteret vil difor halde fram med kurs og undervisning mot lærerutdanninga og masterutdanningar i norsk.

4. ANNA VERKSEMD

4.1 Samarbeid med Utdanningsdirektoratet

Frå Nynorsksenteret var Slettevoll, Sjøhelle, Støylen og Nordal aktivt med i utforminga av utkastet til *Strategiplan for nynorskopplæringa*, som vart levert frå Utdanningsdirektoratet til Kunnskapsdepartementet i februar.

Forum for nynorsk i opplæringa, som Utdanningsdirektoratet har ansvar for, har hatt fleire møte i 2007, og forumet har særleg arbeidd med nynorske læremiddel og nynorske tekstar til eksamensoppgåvehefta for ungdomsskulen. I samband med det hadde Nynorsksenteret eit møte med grunnskulenemnda i Ivar Aasen-tunet i november.

4.2 Samarbeid med Noles-nettverket

Høgskolen i Hedmark, Lesesenteret og Nynorsksenteret har også i år hatt ansvar for koordinering av lærerutdanningsnettverket Noles. Koordinatorane har hatt regelmessige telefonmøte om aktiviteten i nettverket, og har hatt to konferansar i 2007, 10. og 11. mai og 29. og 30. oktober, begge konferansane på Gardermoen. Også i år lyste Noles ut midlar i samband med tiltak 12 i *Gi rom for lesing*. Leiinga for Noles er frå 2008 lagd til Lesesenteret i Stavanger.

4.3 Samarbeid med Ivar Aasen-instituttet

Nynorsksenteret samarbeider med Ivar Aasen-instituttet på fleire område. Fagleg samarbeider ein ved at tilsette på Nynorsksenteret underviser på masterstudiet, og tilsette ved Nynorsksenteret har òg teke på seg rettleiing av masterstudentar. Nokre studentar som skriv norskdidaktiske oppgåver har fått stipend frå Nynorsksenteret. Når det gjeld forskning har Aasen-instituttet søkt forskingsmidlar til større prosjekt der deler av prosjektet har fokus på nynorskopplæring og Nynorsksenteret er tenkt delaktig i forskingsarbeidet.

4.4 Samarbeid med andre nynorskinstitusjonar

I 2007 har Nynorsksenteret og Nynorsk kultursentrum hatt eit positivt samarbeid. Ivar Aasen-tunet har høvelege lokale til både faglege og festlege samkomer, noko som Nynorsksenteret har gjort seg nytte av fleire gonger. Dei to institusjonane har hatt planleggingsmøte for å samarbeide og koordinere aktiviteten, og samarbeider kontinuerleg gjennom Forum for nynorsk i skulen (Utdanningsdirektoratet). Nynorsksenteret samarbeider òg med ei rekkje nynorskorganisasjonar gjennom Nynorsk forum, som er eit forum som arbeider for å samordne og diskutere felles aktivitetar for organisasjonar som arbeider med eller for nynorsk.

Desse er medlemmer i Nynorsk forum:

- Bondeungdomslaget i Oslo
- Dag og Tid
- Det Norske Samlaget
- Det Norske Teatret
- Ivar Aasen-instituttet
- Kringkastingsringen
- Landssamanslutninga av nynorskkommunar
- Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
- Noregs Mållag
- Noregs Ungdomslag
- Norsk Barneblad
- Norsk Målungdom

- Norsk Ordbok
- Norsk Plan
- Norske Lagsbruk
- Nynorsk kultursentrum
- Nynorsk mediesenter
- Nynorsk pressekontor
- Riksfondet for nynorsk presse

4.5 Intern kompetanseheving

Dei tilsette har vore med på kurs og konferansar på dei fagområda dei arbeider med, og ut frå behov og interesser. Senteret har betalt kursavgift, reise og opphald i slike tilfelle.

Del III: ØKONOMI OG PERSONALE

5. REKNESKAP

RESULTATREKNESKAP FOR NYNORSKSENTERET

(Sum i NOK 1000)

	NOTE	01.01–31.12.2007	BUDSJETT 2007	01.01–31.12.2006
Driftsinntekter	1	6 119	6 120	6 130
Sum driftsinntekter		6 119	6 120	6 130
Lønnskostnader	2	2 933	3 206	2 241
Investeringar og påkostingar		0	0	0
Andre driftskostnader og støtte	3	3 014	6 679	2 764
Sum driftskostnad		5 947	9 885	5 005
Driftsresultat		172	(3 765)	1 125
Avrekning til neste periode		(172)	3 765	(1 125)
Budsjettavvik			3 937	

Overhead 2007 er kostnadsført med kr 750 000. Restmidlar etter årsavslutninga for 2007, kr 4 012 000, står i årsrekneskapan frå Høgskulen i Volda som øyremerkte midlar for Nynorsksenteret.

Høgskulen i Volda

6. februar 2008

Jacob Kjøde jr.
høgskuledirektør

Edel Vatne Roald
økonomisjef

Note 1 Driftsinntekter	2007	2006
Løyving frå Utdanningsdirektoratet	6 000	6 000
Sal av video og bøker/hefte	13	23
Inntekter ved diverse kurs/arrangement	78	107
Inntekter ved diverse kurs/arrangement internt ved HVO	28	
Sum driftsinntekter	6 119	6 130
Note 2 Lønnskostnader		
Lønningar	2 089	1 593
Feriepengar	250	190
Arbeidsgjeveravgift	361	275
Pensjonskostnader	236	159
Sjukepengar og andre refusjonar	(36)	0
Konsulentar	6	0
Stipend	7	18
Andre ytingar	20	6
Sum lønnskostnader	2 933	2 241
Note 3 Andre driftskostnader og støtte		
Diverse utstyr, dataprogram, inventar, utsmykking	8	12
Bøker/lydmedium med meir	10	26
Konsulent-/kontortenester	90	55
Undervisningstenester	17	
Rettar (video)	0	90
Programvarelisensar	12	
Andre tenester/andre kostnader	13	23
Trykkingsutgifter	48	19
Andre kontorkostnader	21	3
Vederlag NCB	0	14
Tilskipping av seminar og liknande	0	50
Annonsar/marknadsføring	113	175
Reiseutgifter	175	260
Representasjon	20	20
Prosjektstøtte/FoU-stipend	1 737	1 267
Infrastruktur, fellestenester/administrasjon, IT-tenester med meir if. avtale	750	750
Sum andre driftskostnader og støtte	3 014	2 764

6. PERSONALSITUASJONEN

6.1 Fordeling av stillingar

Nynorsksenteret har per 31.12.07 ni tilsette. Fire av desse er i heil stilling.

LEIAR:

Anne Steinsvik Nordal

FAGLEGE STILLINGAR:

Ingrid Slettevoll

Kristin Kibsgaard Sjøhelle (stipendiat)

Janne Karin Støylen (50 % stilling)

Hjalmar Eiksund (ca. 100 % stilling frå 01.08.07)

Benthe Kolberg Jansson (50 % stilling, arbeidsplass Høgskolen i Østfold)

Endre Brunstad (20 % stilling, arbeidsplass UiB)

ADMINISTRATIVE STILLINGAR:

Arild Torvund Olsen

Roger Ole Rangsæter (50 % stilling)

Elles har Nynorsksenteret leigt inn arbeidskraft mellom anna til arbeid med nettstaden, skriving i bladet som me sender ut og til korrektur.

7. RÅD OG UTVAL

7.1 Fagrådet for Nynorsksenteret

Fagrådet for Nynorsksenteret vart oppretta i oktober 2005. Rådet skal vere med i utforminga av arbeidet ved Nynorsksenteret. Rådet skal representere både geografisk og fagleg spreiding og er meint som ein del av det faglege fundamentet for Nynorsksenteret, som samarbeidspartnarar og som del av den nasjonale strategien for senteret. Ein har som målsetjing at Fagrådet skal ha minst eitt møte per år. Nynorsksenteret og den administrative leiinga ved Høgskulen i Volda er godt nøgde med samansetjinga av rådet. Jan Olav Fretland frå Høgskulen i Sogn og Fjordane er leiar i fagrådet.

Fagrådet er samansett slik:

Jan Olav Fretland, førsteamanuensis ved

Høgskulen i Sogn og Fjordane, leiar i fagrådet

Anne Øie, dekanus ved lærarutdanninga ved

Høgskulen i Volda

Jan Inge Sørbo, professor ved Ivar Aasen-instituttet

Torgeir Dimmen, lektor ved Avdeling for mediefag ved HVO

Ottar Grepstad, direktør ved Nynorsk kultursentrum, Ivar Aasen-tunet

Hilde Osdal, høgskulelektor, arbeider ved Norsk for utanlandske studentar ved HVO

Karin Heggen, skulesjef i Volda kommune

Anne Marie Holstad, norsklærer på Volda ungdomsskule

Synnøve Skjong, førstelektor ved Høgskolen i Oslo

Endre Brunstad, førsteamanuensis ved Universitetet i Bergen

Synnøve Matre, førsteamanuensis ved Høgskolen i Sør-Trøndelag

Trond Trosterud, forskar ved Universitetet i Tromsø

Anne Steinsvik Nordal, leiar ved Nynorsksenteret

Del IV: RESULTATRAPPORTERING OG BEHOVSVURDERING

8. MÅLOPPNÅING I HØVE TIL OPPDRAGSBREVET OG ÅRSPLANEN FOR 2007

Arbeid med strategiplanen for nynorskopplæringa: Arbeidet med strategiplanen vart avslutta frå Nynorsksenteret si side i februar. Planen har vorte liggjande på vent i Kunnskapsdepartementet fordi stortingsmeldingane om språk er under arbeid.

Arbeid med dei første tiltaka i strategiplanen: Sjølv om planen ikkje er offentleggjord er han i fullt samsvar med oppdragsbrevet til Nynorsksenteret frå Utdanningsdirektoratet. Difor har senteret i gang fleire tiltak som er nemnde i strategiplanen. Arbeidet med å lage ein antologi til høgtlesing for barnehagen og første klasse i skulen og filmar om nynorskundervisning er i samsvar med strategiplanen.

Forsøks- og utviklingsarbeid: Rapportar frå prosjekta som er i gang er lagde ut på nettstaden til Nynorsksenteret. Nokre av skulane har òg vore med på seminar og møte der elevar og lærarar har rapportert om erfaringane dei har gjort. Brannfjell,

Holmlia, Tangenåsen og Våland er FoU-skular som har vore med på kortfilmene som Snøball film har laga og på den måten fått vist fram utviklingsarbeidet dei driv. Rettleiinga av prosjekta har vorte betre i 2007, fordi alle prosjektskulane har fått rettlearar frå Nynorsksenteret. Nynorsksenteret vil konsentrere utviklingsarbeida på færre skular, og få prosjekta som vert sette i gang til å vare i minst tre år.

Nynorsksenteret har lukkast i å spreie aktiviteten til store delar av landet, men har ingen prosjekt i gang i Troms og Finnmark. Nynorsksenteret satsar på at ressursane på nettstaden skal vere med og skape aktivitet over heile landet, men vil arbeide for å få prosjekt i gang også i dei to nordlegaste fylka.

Utviklinga av læremiddel for betre nynorskundervisning har gått etter planen. Musikalen *Grammatikk og kjærleik* var ferdig våren 2007 med notar, songtekstar og cd-plate. Arbeidsgrammatikken på nynorsk for minoritetsspråklege er lagd ut på nettstaden. Nettsida med tips om nye nynorske barne- og ungdomsbøker skal vere ei hjelp for skulebibliotekarar, lærarar og elevar til å orientere seg om tilbodet av nye nynorskbøker. Tekstbasen, med autentiske nynorske sakprosaetekstar utvalde til bruk i norskundervisninga, er meint å syne gode døme på sakprosa i ulike sjangrar som kan brukast som føredøme når elevane skal skrive slike tekstar sjølve.

Den store granskinga av norskundervisninga for elevar med nynorsk som hovudmål, som er nemnd i oppdragsbrevet, kom ikkje i gang i 2007, men er minst like aktuell i 2008 når språkmeldingane og strategiplanen for nynorskopplæringa vert offentleggjorde. Granskinga bør ha eit så stort omfang at ein forskingsinstitusjon kan ta seg av oppdraget.